

PRESSEMELDING

Frå Ulstein Historielag

BYSTE AV HEIDERSMANNEN RAGNAR ULSTEIN

Ulstein Historielag har starta eit arbeid med å få reist ei byste av sambygding og heidersmann Ragnar Ulstein.

Ulstein Historielag har fått fleire oppmodingar frå einskildpersonar med Kjell Garnes i spissen om å stå føre ein lokal og synleg heider til Ragnar Ulstein.

Ragnar Ulstein sin innsats under siste verdskrigen som medlem av Kompani Linge, og hans omfattande forfattarskap etter krigen om lokale, regionale og sentrale hendingar, og om heltmodige einskildmenneske frå krigen i 1940-45 torer vere godt kjend.

Han er alt på ymse vis både regionalt og sentralt heidra for dette, og sambygdingane hans tek no til orde for at vi skal heidre han her i heimkommunen med å sette opp ei bronsebyste på ein høveleg stad.

Ulstein Historielag har peika ut ei nemnd for dette arbeidet: Aksel Hauge leiar, Heidi Myklebust nestleiar, Kjell Garnes, Svein Eiksund, Ottar Kaldhol og kultursjef Leif Ringstad som representerer Kulturkontoret og Ulstein kommune.

Nemnda skal stå føre finansiering, tinging og gjere avtale med kunstnar/skulptør og kome med framlegg om plassering av ei byste som viser Ragnar Ulstein i voksen og moden alder.

Ulstein Historielag har god kunnskap og stor respekt for Ragnar Ulstein sin innsats som soldat og offiser under siste verdskrigen.

Historielaget vil i denne samanheng og i all hovudsak legge hans store forfattarskap etter krigen til grunn for initiativet og den heideren som bysta skal gi Ragnar Ulstein.

Det vil vere ein særst fortent heider, og eit synleg prov som skal minne ettertida om kor verdfull hans utrettelige innsats som forfattar er, der han dokumenter einskildmenneske og ikkje minst kvardagsheltane sin avgjerande innsats under siste verdskrigen.

Ulstein Historielag har heilt uforpliktende vore i kontakt med ein kunstnar/skulptør som kan ta på seg arbeidet.

Ulsteinvik 15. mai 2015

For meir informasjon kontakt leiaren i Ulstein historielag Aksle Hauge, tlf 99224044 og 70011004 eller Ulstein Historielag si nettside www.ulsteinhistorielag.no